



DET KONGELEGE
KULTURDEPARTEMENT

Sogn og Fjordane fylkeskommune
Fylkeshuset, Askedalen 2
6863 LEIKANGER

Dykkar ref

Vår ref

Dato

18/2747

18. mai 2018

Vedrørende eventuelt sal til Sogn og Fjordane fylkeskommune av spelemiddelfinansiert idrettsanlegg - Flora idrettssenter AS

Kulturdepartementet viser til brev av 24. april 2018 sendt hit frå Sogn og Fjordane fylkeskommune per e-post, samt annan kontakt per telefon, seinast 16. mai 2018.

Departementet svarer med dette såleis på dei spørsmåla som er stilt i brevet, ref. kulepunkta i brevet:

- Eit sal til fylkeskommunen av det spelemiddelfinansierte idrettsanlegget eigd av Flora idrettssenter AS, krev skriftleg førehandssamtykkje frå departementet, jf. gjeldande *Bestemmelser om tilskudd til anlegg for idrett og fysisk aktivitet – 2017*, pkt. 2.3.3 og dei føresegna som gjaldt tildelingane av spelemidlar til Flora idrettssenter AS i si tid. Slikt samtykke kan påreknast at departementet vil gje på vilkår om at fylkeskommunen tek på seg dei pliktar (mellom anna vidareføring av drifta av anlegget i resten av bindingstida/opningstida på opprinneleg 30 år) og rettar som følgjer eit spelemiddelfinansiert idrettsanlegg, ref. spelemiddelordninga og nemnde *bestemmelser*/føresegner. Dette vil ikkje reise spørsmål om krav om tilbakebetaling av spelemidlar mottekne av Flora idrettssenter AS.
- Eigar av idrettsanlegget – anten Flora idrettssenter AS eller eventuelt fylkeskommunen – kan søkje om spelemidlar til rehabilitering av areal, kor det i dag ligg kunstgras, til anna dekke enn kunstgras, ettersom det er gått meir enn 10 år sidan kunstgraset vart teke i bruk, jf. pkt. 2.4.3 i *bestemmelsene*.

Postadresse
Postboks 8030 Dep
0030 Oslo
postmottak@kud.dep.no

Kontoradresse
Grubbegata 1
www.kud.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org no.
972 417 866

Avdeling
Avdeling for
sivilsamfunn og idrett

Saksbehandlar
Åsmund Berge
22 24 80 60

- Departementet kan ikkje dispensere frå 20-årsregelen i pkt. 2.4.3 i *bestemmelsene*, som berre gjev grunnlag for unntak i form av 10-årsregelen om særleg idrettsdekker, til dømes kunstgras, jf. over.
- Departementet ser på bakgrunn av ovannemnde ikkje grunn for nærare å berekne tilbakebetalingskrav, som ikkje vil verte gjort gjeldande.

Med helsing

Ole Fredriksen (e.f.)
avdelingsdirektør

Åsmund Berge
fagdirektør

Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrive signaturar